



Nhb Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1070 - 17/10300

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
23.08.2017

Byggesak Gbnr 45/465 Manger - einebustad - endring av løyve til tiltak

Delegasjonssak nr.: 201/2017

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : Selfallet
Tiltakshavar : Ole Kristian Hellesøy og Ragnhild Smith
Ansvarleg søker : NHB Vest AS
Søknadstype : Søknad om endring av gitt løyve

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av løyve til tiltak i eitt-trinn i sak 17/1070 – 17/7454 for oppføring av einebustad. Det er i søknaden opplyst at søknad om endring gjeld utviding av yttervegg i stove på sørsida med 60 cm. Det er opplyst at endringa ikkje vil påverka utnyttingsgraden då endringa er under takutstikk.

Det vert elles vist til endringssøknad mottatt 03.08.2017 og løyve i eit-trinn av 09.06.2017, sak 17/1070 – 17/7454.

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til eigarane av nabotomter. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet, dette då endringa er av liten karakter.

Plassering

Plassering er tidlegare godkjent i samsvar med situasjonsplan rev A, datert 20.04.2017.

Ny situasjonsplan rev C, datert 06.07.2017 endrar ikkje plassering.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Endringa medfører ikkje endring i tilkomst, avkjørsle og parkering.

VURDERING

Det er bygningsstyresmakta sin vurdering at endring kan godkjennast som omsøkt.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a, 20-2 a og 20-3 vert det GODKJENT endring av vedtak i sak 17/1070 – 17/7454 som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan rev C, datert 06.07.2017.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 17/1070 - 17/10300

1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr 2 700
	Totalsum	kr 2 700

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ole-Kristian Hellesøy	Hella 110	5936	MANGER
Ragnhild Smith	Hella 110	5936	MANGER

Mottakere:

Nhb Vest AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
-------------	------------	------	----------